

TETT PÅ

Eit utviklingsprosjekt med mål om at folk skal koma tett på maritim kultur.





Foto: HFS

På fartøyvernsenteret kan publikum sjå maritime handverkarar i arbeid.

TETT PÅ


- Eit utviklingsprosjekt med mål om at folk skal koma tett på maritim kultur.

Tett på er eit prosjekt som skal leggja til rette for at aktiviteten i restaureringsverftet og verkstadane vert føremålstenleg både for produksjon og formidling. Me vil ha publikum tett på alle dei maritime faga som utøvast ved senteret. Slik vil me bringa vår maritime historie tettare på turistar og innbyggjarar i regionen.



Foto: HFS

Små hender slår tau på mini-reperbanen.



Den nye satsinga vil gjera Fartøyvernssenteret til ein stad for læring og aktivitetar, alt knytt til maritim kultur.

KULTURNAUSTET / UTVIDELSE

Dette vil me få til ved å byggja ei ny kai til den freda bilferja Folgefonn, slik at ho vert liggjande som ein godt synleg og forlokkande invitasjon til eit besøk på Hardanger fartøyvernssenter.

Det nyinnkjøpte bygget, som me har døypt *Kulturnaustet*, vil me nytta som velkomstområde med resepsjon, kafé og butikk. Det vert også formidlingsarenaer i bygget, med utstillingslokale og filmsal. Alt dette kan betenast av ein person åleine. Like viktig er det at dette ligg på bakkeplan. Me har erfart kor problematisk det er å ha kaféen i andre høgda på ein heilt annan stad enn publikumsmottaket. Det er på høg tid å få samla alle desse tenestene på bakkeplanet.



Når det nyinnkjøpte bygget er ombygd, får museet samla alle publikumsaktivitetar på bakkeplan, og gjestene blir møtt av ein resepsjon med kafe og butikk.

Foto: ARKIPARTNER AS




Foto: HFS

Stort og smått blir tilgjengeleg for publikum, og gjer eit innblikk i fartøyvernet sitt arkivariske aspekt.



Eit ope magasin, gjer ein rik museumsopplevelse for dei spesielt interesserte.

DELELAGER

I øvre del av bygget vil me laga eit delelager for fartøyvernet. Her kan eigarane av restaureringsprosjekt koma for å leita etter deler dei måtte mangla til fartøya sine. Dette er altså ei teneste som senteret tilbyr fartøyvernfeltet. I denne delen av bygget vil me også få plass til museumsgjenstandane våre. Delelageret og gjenstandsmagasinet skal lagast som opne magasin. Her vert det mykje interessant å sjå på for vitjande.

Ved å flytta alle desse funksjonane inn i Kulturnaustet, vert sårt tiltrengt areal ved senteret frigjevne til ny bruk. Me vil slik kunne gjera ein rokkade internt slik at arbeidsforholda ved verft, museum og administrasjon vert betre og drifta meir rasjonell.



Foto: Norsk Maritimt Museums fotoarkiv

TETT PÅ BILFERJA FOLGEFONN

Bilferja Folgefonn var HSD si fyrste spesialbygde ferje då ho vart sett inn i trafikk i Hardangerfjorden i 1938. Ho kunne ta om lag 20 bilar, og var med det Noregs største bilferje. Ho vart snart alt for lita, og fortel slik ei viktig historie om utviklinga av massebilismens i vår nære fortid.

Hausten 2009 kjøpte Hardanger og Voss museum bilferja Folgefonn heim etter at ho hadde vore 30 år i England. Ho er no eit freda kulturminne som me vil restaurera og ta vare på for ettertida.

Interessa for den gamle ferja Folgefonn er stor. Det er tydeleg at ferjene har vore og framleis er ein viktig del av kvardagskulturen for mange vestlendingar.

Ved kulturnaustet og det nye inngangspartiet, vil me byggja ny kai til dette populære kulturminnet. Ferja vert slik eit blikfang som me trur vil trekkja både lokalbefolkning og turistar til senteret.



Foto: ARKIPARTNER AS

Den nye plasseringa og kaien vil gjera Folgefonn til eit blikkfang ved ankomst frå Strandvegen, og blir ein viktig del av den faste utstillinga.



Foto: Frå Djuve sitt fotoalbum, HFS

Ferjene var og er en del av kvardagskulturen på vestlandet.



Foto: HFS

Fartøyvernssenteret ligg i enden av Norheimsund sin nybygde strandpromenade.

TETT PÅ STRANDSTADEN NORHEIMSUND

I regionsenteret Norheimsund, har ein i mange år arbeidd målretta med ei tettstadsutvikling der sentrum igjen har opna seg mot fjorden.

Strandstaden Norheimsund hadde, som så mange fjordbygder, snudd ryggen til fjorden gjennom etterkrigstida. Endringa i samferdsle og samfunnsutviklinga førte blikket bort frå sjøen, og den maritime historia til strandstadane langs fjorden kom meir og meir i bakevja. Heldigvis oppdaga samfunnsutviklarane i regionen i tide at strandstaden, og dermed Norheimsund sin maritime identitet var i fare, og no er utviklinga reversert.

I løpet av dei siste tjue åra har Norheimsund fått ny kaifront i sentrum, ny populær gjestehamn, og i arbeidet med den nye Strandvegen, vart det laga ein badeplass på same staden som var sers populær i mellomkrigstida. I 2013 stod Strandvegen frå sentrum til fartøyvernssenteret ferdig som ein attraktiv strandpromenade.

Strandvegen endar ved Kultur-naustet, og det einaste riktige er å etablera det nye publikumsmottaket vårt her. Me er overtydd om at Strandvegen fører bygdefolk, hotellgjester, badegjester, båtfolk og turistar tettare på Hardanger fartøyvernssenter.




Foto: ARKIPARTNER AS

Mellom det nye kulturnaustet og reiperbanen blir det eit maritimt aktivitetsområde, med båtutleie, bading, og handverks-aktivitetar.

TETT PÅ FJORDEN

Utviklinga av kaiområdet på fram-sida av Kulturnaustet er sentralt i prosjektet. Her vil som sagt bilferja Folgefonn få ei synleg og lett tilgjengeleg plassering. Ut over dette vil området mellom Kulturnaustet og reiparbanen verta utvikla som aktivitets- og formidlingsarena. Her vil me leggja til rette for at besøkjande får tett kontakt med fjorden og fjordkulturen.

Frå dette aktivitetsområdet vert dei besøkande så slusa vidare gjennom ei nylaga opning i lageret, som ligg under reiparbanen, og inn til dei maritime verkstadane, utstillingane og kaianlegga ein finn på senteret. Ein kan trygt seia at dei besøkande slik kjem tett på fjorden og den maritime kulturen.



Foto: ARKIPARTNER AS

Reiperbanen får ein brei undergang på bakkeplan, der publikum sluses vidare til dei maritime verkstadene.



TETT PÅ FARTØYVERNET

Verftsaktiviteten, dei maritime handverka og fartøykulturen i fjorden, står i sentrum for drift og formidling ved senteret. Det er viktig å få til gode verkstadstilhøve for dei som jobbar med desse maritime handverka. Til dømes ynskjer me å få til betre arbeidsforhold for dei som jobbar med mastar og andre rundholt til seglfarty.

Me ynskjer gjennom prosjektet tett på å vidareutvikla fokuset me har på formidling av handverkspraksisar. I den interne rokaden me legg opp til, vil dette vera eit viktig fokus. Til dømes ynskjer me å få til betre tilgjenge til reiparbanda, hardangerjakta Mathilde og interiørverkstaden. Desutan ynskjer me å få bygd eit publikumsgalleri ved slippen. Slik vil me



Foto: HFS

bringa publikum enda tettare på vår maritime historie. I Kulturnaustet vil ein kunne koma tett på fartøykulturen gjennom eit besøk i det opne magasinet/delelageret.



Foto: Silje Ensby



Foto: HFS

Ved fartøyvernsenteret kan ein sjå reipslagarane i arbeid.



Foto: HFS